



## Statens vegvesen

SIGVARD HOPLAND  
NESBREKKA 2  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/77074-6

Dykkar referanse:

Vår dato:  
01.12.2017

### Tilleggsuttale – Utvida bruk av eksisterande avkøyrslle – Fv. 401 – Gnr. 172 bnr. 4 – Seim

Statens vegvesen syner til ditt brev mottatt 20.10.2017.

Det er søkt om flytting av ei avkøyrslle frå fv. 401 til gnr. 172 bnr. 4 på Seim i Lindås. Vi gav uttale til søknaden i brev datert 20.09.2017. Vi svarte der at søknaden din var manglefull og at vi ikkje kunne ta endeleg stilling til tiltaka som er omsøkt.




Fig: Utdrag av søknad

Du har no sendt inn nye teikningar som viser dei planlagde tiltaka meir i detalj og som svarer ut det vi etterspurde. Vi meiner det vil vere ein fordel å få stengt den eksisterande avkøyrslle, og flytte avkøyringspunktet lenger nord som omsøkt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Med bakgrunn i trafikktryggleiken er vi opptatt av at tilkomstveg må trekkast unna fylkesvegen så langt som råd er. Dette er også viktig med omsyn på at det trengs areal til framtidig utbetring av vegen. Vi gjer særleg merksam på at dersom det vert planlagt for tiltak nærare enn tre meter frå vegkant må avklarast i eigen søknad og er ikkje tatt stilling til her.

Søknaden din må no sendast til Lindås kommune som skal vurdere tiltaket etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Du må legge ved begge våre uttaler.

Dersom Lindås kommune vel å dispensasjon i dette tilfellet vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova og skrive eit førehandstilsegn med dei krav vi har til utforming av avkøyrsla.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*



## Statens vegvesen

I-3av6

SIGVARD HOPLAND  
NESBREKKA 2  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/77074-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.09.2017

### Uttale – Fv. 401 – Avkøyrsløse – Gnr. 172 bnr. 4 – Seim – Lindås

Statens vegvesen syner til søknad om flytting av avkøyrsløse mottatt 01.06.2017.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om flytting av avkøyrsløse frå fv. 401 til gnr. 172 bnr. 4 på Seim. Eigedomen er ein landbrukseigedom med to påståande bustadhus og to avkøyrsløse. Det er søkt om å stenge ei avkøyrsløse og føre trafikken inn på avkøyrsløse lengst nord. Planen er å rive deler av ein eldre driftsbygning og etablere ny tilkomstveg, garasje og parkering for bustadhuset som ligg langs fv 401.



Situasjonskart vedlagt søknaden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Opplysning om saksgang:**

Det kjem ikkje fram av søknaden kva arealet er regulert til jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås, men vi legg likevel til grunn av tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

**Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:**

Tiltaket ligg aust for fv. 401. Fartsgrensa på staden er 50 km / t og årstdøgertrafikk er 700. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*.

Avkøyrsla som ein ynskjer å stenge kjem direkte ut i kryssområde mellom kommunal veg og fylkesveg. Avkøyrsla har ikkje tilfredstillande utforming, særleg med omsyn på sikt. Det er ikkje opparbeidd snu- og manøvreringsareal på denne del av eigedomen. Vi ser difor at det kan vere ein fordel å få stengt denne avkøyrsla.

Avkøyrsla nord på eigedomen som er tenkt nytta i staden tilfredstiller heller ikkje fullt ut dei krav vi stiller til utforming. Vi ser at det kan vere ein fordel for siktilhøva i denne avkøyrsla at driftsbygningen vert fjerna. Andre krav vi stiller til utforming av avkøyrsla er mellom anna krav til svingradius. I dette tilfellet er kravet til svingradius 4 meter. Vi vurderer at det kan vere vanskeleg å oppnå dette kravet ved påkopling til ny tilkomstveg.

Med bakgrunn i trafikktryggleiken er vi opptatt av at det må vere god avstand mellom fylkesveg og tilkomstveg. Det kan ikkje planleggast for tiltak på vår eigedom. Vi minner også om at sikkerhetsavstand til fylkesveg er 2,5 m når fartsgrensa er 50 km/t, og at det ikkje kan planleggast for tiltak innan sikkerhetssona. Det er vanskeleg å fastslå ut frå kartet som er vedlagt søknaden om det er tilstrekkeleg areal til tilkomstveg slik det er skissert.

Det går ikkje fram om heile driftsbygningen skal rivast og korleis garasjen skal utformast. Dersom det skal oppførast nytt bygg (garasje) må dette behandlast som ein dispensasjon frå byggjegrense langs veg, sjølv om det står eit bygg der i dag. Det er Lindås kommune som eventuelt skal behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrense.

Dersom vi skal tillate ei flytting av avkøyrsla slik det er søkt om, må vi få inn målsette teikningar som syner at tiltaket kan gjennomførast slik det er planlagt.

**Oppsummert:**

Statens vegvesen ser det kan vere ein fordel å få stengt den sørlege avkøyrsla på eigedomen slik det er søkt om.

Søknaden er likevel mangelfull og vi kan ikkje ta endeleg stilling til omsøkte tiltak slik søknaden ligg føre. Det må sendast inn målsette teikningar som tydeleg syner alle planlagde tiltak, og som syner at det er god nok avstand frå fylkesvegen og tilstrekkeleg areal til å etablere tilkomstveg.

Du må ta kontakt med Lindås kommune som kan avklare om tiltaket må behandlast etter plan og bygningslova.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ



**Statens vegvesen**

I-6av6

SIGVARD HOPLAND  
NESBREKKA 2  
5912 SEIM

Behandlande eining:

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/77074-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
01.06.2017

**Førebels svar – Avkøyrslø – Søknad om flytting – Fv. 401 – Gnr. 172 bnr. 4 – Seim – Lindås kommune**

Vi har mottatt søknad om flytting av avkøyrslø til fv. 401 i Lindås kommune.

Før vi tek stilling til søknaden vil vi kome ut på synfaring og vurdere tilkomstveg og avkøyrslø.

Vi har for tida stor saksmengde, så det må påreknast at saksbehandlenga kan ta inntil tre månader.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 02030

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081